



DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedøme

Invitasjon

I høve dobbeltjubiléet Bergen 950 og Sta Sunniva-translasjonen 850 år, inviterer vi dykk til å vere vertskap for Kystpilegrimsferda med Sunnivaskrinet i dagane 29.8 - 5.9.

Heilt konkret vonar vi at vertskapsstadane kan ønskje kystpilegrimane med Sunnivaskrinet velkomen, invitere til gudsteneste og folkefest og legge til rette for strandryddingsprosjekt med konfirmentar og skuleungdomar. Vi har i vedlagte prosjektskisse antyda korleis og når dette kan skje, men høyrer gjerne frå dykk kva som høver best lokalt.

I dag veit ingen kva morgondagen bringer og om denne ferda kan gjennomførast. Vi tenkjer at det er verdt forsøket, - at so mange gode hendingar, folk og stadar kan spele på lag for å bevisstgjere det historiske og forankre det framtidige samhaldet langs Kystpilegrimsleia, langs Bjergvin bispedøme og Vestland fylke sin kyst.

Ei ferd som denne, kan også utsetjast til 2021, om det no skulle bli slik.

Vi er takksame for tilbakemeldingar og reaksjonar på invitasjonen i nær framtid!

Kontakt: Kjell Magnus Økland post@kystkultur.no eller
Ragna Sofie Grung Moe rm548@kyrkja.no

Med ønskje om styrke og mot i desse dagar!

Gode helsingar frå

Stad kommune
Alfred Bjørlo
ordførar

Kystkultur.no
Kjell Magnus Økland (s.)
dagleg leiar

Bjergvin bispedøme
Jan Ove Fjelltveit (s.)
stiftsdirektør



Stad
kommune

Kystkultur.no



DEN NORSKE KYRKJA
Bjergvin bispedøme



- Selja
- Kalvåg
- Kinn
- Svanøy
- Askvoll
- Korssund
- Elvindvik
- Lygra
- Bergen

